


Eg er det tilfeldige sin plan og meitemarken si reise

Kurt Johannessen: teikningar, performance og artist's books



LÆRARRETTEIING

I samarbeid med:

 BERGEN KUNSTMUSEUM

NASJONALMUSEET



Kurt Johannessen, *Jordboka*, performance i Vestlandets Kunstakademi, 1983. Foto: Lis Pettersen



Kurt Johannessen, *Fysisk teikning*, performance i Christianssands kunstforening, 1985. Foto: Kjell Mardon Gundvaldsen

Eg er det tilfeldige sin plan og meitemarken si reise

Kurt Johannessen: teikningar, performance og artist's books

Lærarrettleiing

Teikning har vore ein viktig del av Kurt Johannessen sin kunstnarskap heilt sidan han slo gjennom tidleg i 1980-åra. Johannessen er kjend for å ta i bruk det store potensialet som ligg i teikninga. Han jobbar tradisjonelt med penn, tusj, kol og blyant på papir, men også med meir utradisjonelle former for teikning, som performance og artist's books. I denne lærarrettleiinga skal vi gå nærare inn på dei ulike formene for teikning som Johannessen tek i bruk, uttrykket og bodskapen hans, og kva tradisjon han høyrer til.

Teikning – kva er det?

Ordet «teikning» kan ha mange tydingar. Det ligg allereie i opphavet til ordet, det norrøne teikn, som kan bety alt frå eit hint og eit symbolsk uttrykk for noko, til ei rørsle eller eit spor. Vi snakkar om å *teikne* abonnement, om frihandsteikning og ingeniørteikning. Innafor biletkunsten og kunsthistoria snakkar vi om teikning som ein teknikk på lik linje med for eksempel måleri eller skulptur. Men teikning er også eit «urmedium», det er ein av dei første uttrykksmåtane mennesket tek i bruk. Kven har ikkje teikna som barn? I førhistorisk tid blei teikninga hogd inn i stein og fjell. Desse helleristningane var ofte forenkla dyreteikningar, kanskje for å ta kontroll over dyret, for å skape jaktlykke, for å fortelje ei historie eller for å dekorere omgivnadene. Vi veit ikkje sikkert, men at dette mediet har vore med mennesket frå vår spedaste byrjing, er klart.

Det er mange måtar å teikne på. Det kan vere snakk om presise teikningar der teiknaren bruker handleddet og handa for å lage nøyaktige skildringar. I andre tilfelle er det eit poeng å sleppe kontrollen. Kurt Johannessen oppsøker det ikkje-kontrollerte på ulikt vis, for eksempel gjennom å bruke heile kroppen – ikkje berre handleddet og handa. Teikningar kan etterlikne, kopiere eller symbolisere noko i den synlege verda vår, eller dei kan berre vere det dei er: teikn på ei flate. Johannessen er innom alle desse variantane i arbeida sine.

Ofte er teikning brukt som ei skisse for noko anna. Ein arkitekt teiknar bygningen før han blir bygd, ein målar teiknar ofte motivet før han fyller det med farge. Andre gonger er teikninga det ferdige produktet. I renessansen på 1400-talet i Italia stod det figurative måleriet, som streva etter å gi att den synlege verda, i høgsetet. Målarane, som hadde ein forskars haldning til måleriet, teikna som oftast skisser først. Fleire av desse skissene er bevarte, og dei er blitt like populære hos publikum som dei ferdige måleria, for eksempel dei uferdige og mystiske skissene av

Leonardo da Vinci. Det kan vere fleire grunnar til dette. Skissa eller teikninga gir oss eit omriss, noko uferdig med rom for tankar for oss som ser på. Det hintande, famlende og skjøre kan stå fram som vakkert for oss, nettopp fordi vi kan kjenne det att, fordi vi også forstår verda og kvarandre berre delvis – som skisser og omriss.

Ein kommuniserande kunstnar

Kurt Johannessen liker «å kunste», som han sjølv formulerer det. Med dette seier han noko om at utføringa og skapinga av verket er sentralt i kunstnarskapen hans. Han er derfor ikkje det vi forstår som ein klassisk konseptkunstnar, som er ein svært vanleg kunstpraksis i dag. Ein konseptkunstnar er kjenneteikna av at ho eller han først jobbar med ideane – deretter med det fysiske kunstverket; ideen bak verket kjem altså først og er viktigast. Desse ideane eller bodskapane er ofte vanskelege å oppfatte med berre auget, og det kan krevje mykje forkunnskap å kjenne dei att. Dette har ført til at vi kan føle oss framandgjorde i møtet med konseptkunsten.

Johannessen er oppteken av at folk ikkje skal måtte lese ein utstillingskatalog, eller ei form for «bruksrettleiing», før dei møter og opplever kunstverket. Men dette betyr ikkje at han vil gjere det enkelt for oss. Han vil heller lage spørsmål enn svar; han ønskjer å utfordre oss. Det er freistande å trekkje parallellar til filosofen Sokrates, som ville vekkje og utfordre menneska rundt seg med spørsmål. «Eg vil ikkje gi folk det dei vil ha», seier Johannessen, «det er det så mange andre som gjer.» Han siktar med dette til at store deler av den visuelle verda vi ferdast i elles, ofte er lettfatteleg, ferdigtoggen og kommersialisert. I ei slik verd blir kunsten viktig som ei motvekt.

Tida det tek

Tida er eit viktig aspekt ved arbeida av Kurt Johannessen. Tida det tek han å lage ei teikning: somme gonger raskt og spontant med masse fart, og med heile kroppen – andre gonger langsamt, med små, nøyaktige rørsler. Vi som publikum bruker også ulik tid på å betrakte. I møtet med teikningane hans må vi somme gonger gå heilt nær eller bruke mykje tid for å oppdage motivet, andre gonger ser vi med ein gong kva verket føresteller. Somme gonger bruker vi hovudet, andre gonger magen. Eit arbeid kan få oss til å stoppe opp, dvele og tenkje. Men vi treng ikkje alltid å forstå for å glede oss over noko – kanskje synest vi berre det er fint, vakkert og morosamt eller rart – og det er nok.



KJ2010

Kurt Johannessen, *Ein stein som ligg i ei hand*, teikning frå boka *Den andre hendinga*, 2010

I enkelte av arbeida hans kjem tidsdimensjonen ekstra tydeleg fram, som i ein serie teikningar sette saman av to tusen sirklar, som han brukte nøyaktig to tusen dagar på å lage. Men for å forstå kor mykje tida har å seie i dette arbeidet, må vi vite at han brukte så mange dagar på å lage arbeidet. Enda meir direkte og tydeleg blir tida kommunisert i dei verka som blir framførte føre publikum – det vi kallar ein performance. Desse framføringane krev merksemda vår der og da. Dei kan ta lang eller kort tid, og slik kan Johannessen styre betraktningstida vår.

Performance – eit bilete på livet

Ein performance er altså ei framføring, ei handling, og ikkje eit fysisk objekt – slik det vanlegvis er i kunsten. Denne kunstforma har mange fellestrekk med scenekunst, men er likevel nærare biletkunsten. Ordet framføring kan ha så mange tydingar at vi vanlegvis bruker ordet performance også på norsk.

Performance-kunsten er ei relativt ny kunstform, ho skaut fart etter andre verdskrigen. Kunstnarane tok til å blande fleire kunstnarlege uttrykk som dans, teater, musikk og biletkunst for å skape noko nytt og bryte ned gamle statiske kunstformer. Performance gjorde eit meir flyktig uttrykk mogleg, noko som skjer her og no. Performance er ei kunstform som ikkje kan fangast, avgrensast eller bevarast av kunstinstitusjonen.

Samtidskunstnaren Nicholas Hlobo samanliknar livet med ein performance – vi går inn og ut av roller avhengig av omgivnadene og relasjonane vi er i. Vi ter oss og kler oss – og sjeldan er vi heilt nakne for eit anna menneske, verken fysisk eller psykisk.

Kurt Johannessen innleidde performanceverksemda si tidleg i 1980-åra med eit arbeid som relaterte seg til oppveksten hans i vestlandsbygda

Dale. Som barn var Johannessen redd for at fjellet bak huset skulle falle i hovudet på han. Under den første performansen vandra han opp til toppen av dette fjellet, sov der under stjernene – og dagen etter plasserte han ut tusen bittesmå vimplar med stjerner på barndomsfjellet sitt. Verket heiter *Hyllest til fjellet som aldri falt*. Denne typen ordspel i tittelen, som både er humoristiske og sjølvmotseiande, er typisk for Johannessen – og speglar livet som både rommar tilfelle, banalitetar og absurditetar.

Prosesskunst

Kva skjer når prosessen blir ein viktig del av sjølv kunstverket? Når Kurt Johannessen seier at han liker å «kunste», seier han også noko om korleis han arbeider. Ordet «kunste» er gjort om til eit verb, til ei handling. Han er ein prosessorientert kunstnar og lét den kreative prosessen, den kreative akta, vere like viktig som det ferdige produktet. Prosessen ligg att i og pregar det ferdige kunstverket.

I *Movements* frå åttiåra ser vi korleis kroppen, prosessen og teikninga saman dannar kunstverket. Desse arbeida går under nemninga *fysiske teikningar*. Denne måten å jobbe på kan minne om den kjende amerikanske kunstnaren Jackson Pollock, som etter andre verdskrigen tok til med såkalla action-painting, ein teknikk der han vandra over store lerret og lét målinga drype over duken. Han styrte ikkje med handa eller handledet, men lét måleriet ta form gjennom han, og gjennom sjølv prosessen. Det intuitive og underbevisste får stor plass i slik prosesskunst.

Når Johannessen gjer teikning som ein performance, gjer han teikninga mindre statisk. Teikning som handling blir understreka. Skapinga av teikningane er ein performance, som ein kan sjå dokumentert på eit foto eller ein video, men som berre skjedde der og da. I tillegg er spora og teikna som han la att, teikningar og sjølvstendige kunstverk.



Kurt Johannessen, foto frå boka *Movements*, 1984. Foto: Gylfi B. Snorrason

Med utgangspunkt i *Movements* laga Johannessen sin første *artist's book*. Ei *artist's book* er eit kunstverk i form av ei bok. Bokformatet gjer det mogleg å utdjupe og vidareutvikle tankar rundt verket. I den første boka viste han naturfotografi saman med dokumentasjonen av performancane, og sette dermed den kreative prosessen i samanheng med prosessane i naturen. «Eg ville også begynne der», forklarar han, «meir i naturen enn i kulturen.»

Seinare, på 2000-talet, oppsøker Johannessen det intuitive på andre og nye måtar. I *Imaginære elefantar* teiknar han elefantar i blinde, og han framstiller dermed den indre forståinga si av dei, som ei kjensle eller ein tanke utan den strenge kontrollen til blikket over resultatet. Eller han formar teikningar ved hjelp av andre reiskapar enn den tradisjonelle blyanten, for eksempel tråd eller sennepsfrø.

Ein annleis vitenskapmann

Kunstnarskapen til Kurt Johannessen er i stadig utvikling. Dei siste åra kan det sjå ut som om arbeida hans har fått eit meir vitenskapleg preg, som viser seg i *artist's books* som *Hendinga*, *Den andre hendinga* og *Fotball med meir*, og ei rekkje performanceføredrag. Kunstbøkene (*artist's books*), som er blitt eit fast innslag i kunstnarskapen hans, er fulle av humoristiske og absurde teikningar og forteljingar. Dei kan nesten minne om dei ivrige skissene og notatane til ein forskar, men dei har også likskapar med teikneserieestetikken. Parallelt held han på med meir stilferdige og langsame performancar, framføringar av teikningar som er reduserte til hint og teikn. I blant andre verket *Alt og ingenting* ser vi korleis han testar og prøver seg fram. Men der den tradisjonelle forskaren byggjer på fakta og teori, bruker Johannessen intuisjonen som den fremste reiskapen sin.

Kurt Johannessen

Kurt Johannessen blei fødd i 1960 og bur og arbeider i dag i Bergen. Han har kunstfagleg utdanning frå London, Reykjavik og Bergen. Johannessen arbeider som performancekunstnar, teiknar, forfattar og illustratør. Han har motteke ei rekkje prisar og stipend. Fleire av arbeida hans er offentlege innkjøp. Johannessen har halde separatutstillingar både i Noreg og utlandet – denne utstillinga er den første for Nasjonalmuseet.



Kurt Johannessen, *Performance utan tittel*, Warszawa, 2008. Foto: Frode Sandvik



Kurt Johannessen, *Sjette ovelevering*, performance, «Guangzhou Live», Guangzhou, Kina, 12. desember 2010. Foto: Luo Ming

Oppgåvene er først og fremst laga for elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Framlegg til elevarbeid tek utgangspunkt i at læreplanen fokuserer på dei grunnleggjande ferdighetene og oppfordrar elevane til å uttrykkje seg skriftleg og munnleg, gjennom lesing og teikning, og på at undervisninga skal vere dialog-retta. Oppgåvene ber elevane om å reflektere rundt samfunnsretta og individuelle forhold. Dei oppfordrar til samtalar og til læring gjennom utveksling av tankar.

«I møtet med skapende kunst kan en rykkes ut av vaneforestillinger, utfordres i anskuelser og få opplevelser som sporer til kritisk gjennomgang av gjengse oppfatninger ...»

(Utdrag frå den generelle delen av læreplanen).

Nyttige nettstader:

www.zeth.no

www.nasjonalmuseet.no

Vel deg i forkant av omvisninga ut eitt kunstverk i utstillinga som du synest er vanskeleg å forstå. Bruk 15 minutt på å skrive ca. éi A4-side om: kva som er framandt og uforståeleg og kva som er spennande eller krevjande ved verket. Les opp for dei andre i klassen det du har skrive, og still kvarandre spørsmål. Lurer de på det same? Ser du kunstverket på ein annan måte etter omvisninga?

Stikkord: å uttrykkje seg skriftleg, reflektere rundt si eiga oppleving, stille spørsmål, setje seg inn i det andre opplever

«Utstillingstittelen seier mykje om korleis Kurt Johannessen jobbar og tenkjer.» Diskuter denne påstanden i klassen, og gi eksempel frå kunstverka i utstillinga.

Stikkord: ordspel, språk, sjølvmotseiingar, humor, uttrykkje seg munnleg, gruppesamspel

Lag ein performance med din eigen bodskap. Bruk lyd eller fråvær av lyd til å formidle det du vil seie. Jobb individuelt eller i små grupper. Framfør performansen for resten av klassen. Diskuter i etterkant korleis publikum opplevde det, og korleis du opplevde det.

Stikkord: teater, å kommunisere med kroppen, forteljing med og utan ord

Lag ein performance med din eigen bodskap. Bruk teikning i framføringa. Jobb i grupper og hald performansen for resten av klassen. Avgjer på førehand korleis de skal dokumentere performansen. Skal det fysiske resultatet vere dokumentasjonen? Skal de filme performansen? Skal de ta foto? Lag ei utstilling av resultatet i etterkant.

Stikkord: framføring, kunst versus dokumentasjon, noko flyktig blir konkret

Teikn ei stemning du har lyst til å vere i. Bruk blyant og kvitt A4-papir. Eksperimenter med form og rytme. Ikkje teikn noko konkret, men prøv å fokusere på kjenslene du vil framstille. Er dette ein uvand måte å teikne på?

Stikkord: friteikning, intuisjon, prosess, abstrakt kunst

Kurt Johannessen har teikna *Imaginære elefantar* med atlatne auge mens han tenkte på elefantar. Ved å late att auga prøvde han å sjå elefantar på ein ny måte, og han seier sjølv at han aldri hadde klart å lage desse teikningane med opne auge fordi synet, kontrollen og tanken ville ha stått i veggen. Finn fram ti kvite A4-ark og ein blyant. Tenk på eit dyr. Teikn ti teikningar av dyret mens du let att auga og prøver å visualisere dyret i hovudet. Korleis opplevde du dette? Føler du at det viktigaste for deg blei den fysiske teikninga eller det å teikne? Greidde du å «vere i kunsten»?

Stikkord: Subjektiv kunst, intuisjon, tanken som kjensle

Legg ein gjenstand med uvanleg form i ei kasse. Det kan vere ein blome, ein kvist eller ei leike. Stikk handa inn i kassa og føl på gjenstanden mens du teiknar han. Teikn han slik som du føler han, ikkje slik du veit at han ser ut.

Stikkord: teikning som uttrykk for sanseopplevingar

Bruk blaut blyant eller kol og teikn på store papirark. Bruk ein annan del av kroppen enn høgre hand når du teiknar. Ver merksam på motorikken og fokuser på den fysiske handlinga, la det visuelle resultatet vere underordna. Diskuter opplevinga i klassen i etterkant.

Stikkord: teikning som fysisk handling, ikkje-kontrollert teikning, uvande, nye rørsler, diskusjon

Fest ein forlengjande gjenstand (ein stokk, langkost eller anna) til ein blyant. Legg ark på golvet og stå mens du teiknar. Kjenn korleis du må bruke kroppen på ein heilt ny måte.

Stikkord: teikning som fysisk handling, å teikne med kroppen

Det går an å teikne med andre reiskapar enn blyant, penn eller måling. Kurt Johannessen gjer dette i nokre av performancane sine (for eksempel *Tre dagar*). Prøv å teikne med eit alternativt medium – det kan for eksempel vere sytråd, lakrissnøre, glasperler, knappar, riskorn eller noko anna du har. Lag to teikningar med same medium. I den eine teikninga skal du bestemme kvar streken skal gå, på den andre teikninga skal du prøve å la streken bestemme sjølv kvar han skal gå. Kva teikning er vanskelegast å lage?

Stikkord: utfordre etablerte oppfatningar

Vel deg eitt motiv. Teikn motivet på 20 sekund. Teikn så det same motivet på 10 minutt. Heng opp teikningane i klassen og snakk om kva som var utfordringane og fordelane ved å bruke kort eller lang tid.

Stikkord: Tid som reiskap i teikning, dynamikk, uferdig versus ferdig, omriss versus detaljar

Kurt Johannessen vil heller lage spørsmål enn svar; han ønskjer å utfordre oss. «Eg vil ikkje gi folk det dei vil ha», seier Johannessen, «det er det så mange andre som gjer». Skriv det du trur han meiner med dette, og korleis du synest han viser det i utstillinga du har sett. Kva meiner han når han seier at han synest store delar av den visuelle verda vi ferdast i ofte er lettfatteleg, ferdigtoget og kommersialisert? Er du einig? Diskuter.

Stikkord: skriveoppgåve, refleksjon rundt korleis elevane oppfatar verda dei lever i.

Kurator: Frode Sandvik, Bergen Kunstmuseum
Prosjektleder: Ida Strøm-Larsen
Formidling: Line Engen
Utstillingsdesign: Ragna Jacobsen
Teknisk konservator: Ida A. Bronken
Innramming: Børre Nilsen
Utstillingsteknikk: Christopher Gjerde,
Olav Ringdal og Nicholas Hellsegg
Nettverksansvarleg: Helga Gravermoen
Logistikkansvarleg: Ida Strøm-Larsen
Grafisk design: Kristoffer Busch

Omstlag: Kurt Johannessen, *Uran tittel (fysisk telenig)*, 1983
Foto: Børre Høstland

nasjonalmuseet.no

Følg oss på:
facebook.com/nasjonalmuseet
twitter.com/nasjonalmuseet



**NASJONALMUSEET
FOR KUNST, ARKITEKTUR
OG DESIGN**